



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
19.10.2005	MR 19315/2005	Tormod Venvik

Saksnr	Utval	Møtedato
	Nærings- og miljøutvalet Fylkesutvalet	

Høring av NOU 2005: 10 - Lov om forvaltning av viltlevende marine ressursar

Bakgrunn.

Det såkalla "Havressurslovutvalet" har lagt fram framlegg til "Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar". Frå Fiskeri- og kystdepartementet har Møre og Romsdal fylke fått framlegget til uttale.

Framlegget tar sikte på å erstatte lov om saltvatnfiske med havressurslova som ein felles forvaltings- og næringslov for hausting og anna utnytting av alle viltlevande marine ressursar og tilhøyrande genetisk materiale.

Utvalet har vore leia av førstestatsadvokat i Rogaland, Harald L. Grønlien, og sett saman av representantar for forvaltning, næring og forskning. Ei referansegruppe har og vore i verksemd, bl.a. med fiskerirådjevaren frå Møre og Romsdal fylke som representant for Vestlandsrådet.

Utvalet sine vurderingar og konklusjonar.

Eit overordna mål med forvaltninga av levande marine ressursar er å legge til rette for ei samfunnsøkonomisk og berekraftig utnytting, slik at dei marine næringane i dei næraste tiår kan realisera ei monaleg auka verdiskaping. Dette hovudmålet har vore lagt til grunn for utvalets arbeid. Følgjande delpunkt har vorte lagt vekt på:

- Utviding av virkeområde for lova. Saltvatnfiskelova omhandlar i stor grad berre tradisjonell fiske og fangst, medan den nye lova tek omsyn til alle viltlevande marine ressursar og tilhøyrande genetisk materiale og til biomangfald.
- Lovteknisk forenkling og klårgjering.
- Folkerettslege forpliktingar og internasjonalt ressursamarbeid.
- Kvotesystemet.
- Marine ressursar og omsyn til folkehelsa.
- Næringsomsyn.
- Harmonisering med tilstøytande fiskeri- og sektorlovgjeving.

- Internrettsleg avklåring i høve til framlegg til lov om naturmangfald (NOU 2004:28).

Utvalet er samstemt i dei fleste vurderingar og konklusjonar. I følgjande tilfelle er det kome fram dissens og avvik i synspunkta:

- I framlegget til lov blir det i §1-5 slege fast at staten blir eigar av viltlevande marine ressursar og marint genetisk materiale innanfor norsk jurisdiksjon. Eigeomsretten vil berre vere reell alt medan ressursane er viltlevande og den blir oppgjeven når organismen er teken ut som lovleg fangst. Medlem i utvalet, Berit Ranveig Nilssen (Sametinget), vil ikkje stø dette framlegget med ståstad i samanes rettar til ålmenningen.
- Gjeldande saltvatnfiskelov bygg på prinsippet om at hausting av viltlevande marine ressursar er tillate så lenge det ikkje er satt utrykkelege avgrensingar. Biomangfaldlovutvalet (NOU 2004:28) føreslår at det innførast eit såkalla bevaringsprinsipp for alle viltlevande virveldyr. Dette vil stille krav om særskild løyve for opning av næringsmessig hausting av viltlevande marine ressursar (Speilvendingsprinsippet). Fleirtalet i Havressurslovutvalet (7 medlem) har funne det føremålstenleg å føre vidare saltvatnfiskeloven sitt prinsipp om at hausting er tillate i den grad utrykkelege avgrensingar ikkje er fastsett i forskrift, medan mindretalet (4 medlem) vil at bevaringsprinsippet frå Biomangfaldlovutvalet skal gjerast gjeldande.
- I lovframlegget blir det i § 4-3 opna for at kvoter og kan tildelast industribedrifter som driv tilverking av viltlevande marine ressursar. Eit mindretal på to går mot at det skal vere ei slik opning.

Vurdering:

Framlegget til ny havressurslov er tufta på ei grundig vurdering og gjennomgang av eksisterande lovverk, stoda i næringa og tru på framtida. I utvalet er det semje om viktige prinsipp og retningslinjer og lovframlegget vil kunne vere eit godt verkty for å nå målet om ei lønsam og berekraftig utnytting av alle marine ressursar.

Når det gjeld dei områda utvalet ikkje er semje om i utvalet, er usemja tufta på følgjande synspunkt:

Speilvending eller ålmenn løyve til hausting:

Mindretalet viser til at ei speilvending vil vere i samsvar med bevaringsprinsippet i Biomangfaldutvalet og framtidsretta i pakt med føre-var prinsippet. Ei speilvending vil forplikte myndighetene til å ta ansvar i forvaltninga og ikkje berre føre vidare eit system med einseitig fokus på bestandar med kommersiell fokus. Speilvending er og i samsvar med prinsipp som gjeld for forvaltning av viltlevande ressursar på landjorda. Ei speilvending treng ikkje i seg sjølv vere til hinder for ei miljømessig forsvarleg næringsmessig hausting.

Fleirtalet ser det slik at kriteria i speilvendingsprinsippet som gjeld før det kan opnast for hausting, vil være høgst uklære både på kort og lang sikt. I mandatet til Havressurslovutvalet er det peika på at ei ny lov vil vere ein viktig næringslov,

forutan å vere ei forvaltingslov. Reglane må derfor rettas inn mot ei langsiktig optimal og samfunnsøkonomisk og miljømessig forsvarleg utnytting av viltlevande marine ressursar.

Dette kan ein best få til innanfor ramma av dagens innretting av saltvatnfiskelova. Fleirtalet tviler på om det i praksis vil vere tilstrekkelege forvaltingsressursar til å greie ut alle spørsmål og vilkår som vil ligge til grunn i eit speilvendingprinsipp. Ein ser og fare for at viktige forvaltingsoppgåver med omsyn på eksisterande haustingsverksemd må prioriterast lågare om all ny verksemd skal dokumenterast. Det regelverket som gjeld i dag er godt egna til å sikre ei langsiktig berekraftig hausting.

Tildeling av kvotar til landindustrien.

I deltakarlova heiter det at berre aktive fiskarar kan eige fiskefarty. Ut frå særskilde omsyn har det blitt gitt dispensasjon frå denne lova slik at fryseriindustrien i Nord-Noreg fekk løyve til å eige trålarar for å sikre råstofftilgongen.

I 2004 og 2005 har det av ulike omsyn blitt gjeven ein tilleggsdispensasjon slik at industribedrifter har kunne leige kystfarty til å ta trålkvotar. Denne dispensasjonen skal no vurderast, og om mogeleg kan kvotane til industrieigde trålfarty utviklast til ein form for industrikvoter. I lovutkastet er det gjort opning for at kvotar kan fordelast til industribedrifter.

Mindretalet (Reidar Nilsen frå Fiskarlaget og Berit Ranveig Nilssen frå Sametinget) går mot denne opninga.

Forslag til vedtak:

Møre og Romsdal fylke ser stor verdi i at lovverket om utnytting av marine ressursar blir samordna og oppdatert i høve til utvikling innan teknologi, nye næringar og moderne prinsipp for berekraftig forvaltning. Framlegget til ny Havressurslov vil vere eit godt verkty, både med omsyn til å ta vare på ressursar og miljø og som eit rammeverk for å få ei langsiktig og samfunnsøkonomisk optimal hausting av dei marine ressursane.

Når det gjeld dei punkta det er usemje om, vil Møre og Romsdal fylke uttale følgjande:

Speilvending eller ikkje:

Møre og Romsdal fylke ser det som grunnleggjande at lova sikrar at all hausting skjer på ein ressurs- og miljømessig forsvarleg måte på lang sikt. Samstundes er det og viktig at ny næringsutvikling ikkje vert unødig sett attende.

Møre og Romsdal fylke meiner det forvaltingsmønsteret som er nedfelt i den noverande saltvatnfiskelova gir eit tilfredsstillande grunnlag for å sikre begge måla. Ei speilvending vil lett kunne føre med seg uvisse med omsyn på kriteriar og grunnlag for at det skal kunne opnast for nye haustingsformer. Dette vil i monaleg

grad kunne bli til hinder for tiltakslyst og nyskaping. Møre og Romsdal fylke vil ut frå dette støtte framlegget til fleirtalet.

Industrikvotar:

Møre og Romsdal fylke meiner at det i prinsippet er rett at det er fiskarane som skal eige fartya og med det tildelast kvotane. I høve både til optimal ressursutnytting og marknadstilpassing er det likevel viktig at ein tenkjer i verdikjeder. I den samanheng er det sers viktig å få eit best mogeleg samspel mellom fangstleddet og industrien. I så måte kan det vere tenleg at industrien får disponere delar av kvotane.

Møre og Romsdal fylke vil ut frå dette stø fleirtalet sitt framlegg om at kvotar skal kunne tildelast industrien. Ein ber likevel om at det vurderast ei øvre grense for kor stor del industrien kan få disponera av totalkvota.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesdirektør

Joralf Flataukan
Regional- og næringsdirektør